

MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 3/2003

Møtedato: 5.2.03

Arkiv nr:

GRUNNEIGARFONDET – SØKNAD FRÅ VASETLØYPENE A/L OM TILSKOT

Vasetløypene A/L søker i brev datert 26.11.02 om tilskot til bruer over Bjødnhøvdåne og Røvsalaåne (kr 24.700), vedlikehald av tidlegløype (kr 11.745) og eit garasjebygg for løypemaskina (kr 80.000). Prisane er eksklusive mva.

Arbeidet som Vasetløypene gjer med skiløyper er eit svært viktig tiltak for turistar og næringslivet i Vasetområdet.

Fjellstyret skal gi uttale til søknaden før vidare saksgang i Statskog og NFS.

Viser til fjellstyresak der det er drøfta samarbeid med Vasetløypene om garasje. Grunnlaget for tilskot til eige garasje fell bort om Vasetløypene leiger lokale av fjellstyret.

VEDTAK:

Fjellstyret ser positivt på tiltaket og tilrår at søkjaren får tilskot frå Grunneigarfondet.

Vedtaket er einstemmig .

Vestre Slidre fjellstyre den 6.2.03

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Statskog
NFS
Søkjaren